

Møllargutens siste slått

Møllarguten (1799/1801-1872) voks opp i ei tid med mykje pietistiske haldningar kringom seg i Sauherad. Den vesle, spake guten fekk stadig slengt forbanningar etter seg der han gjekk etter vegane med feleskrinet. Dei sa til honom at det berre følgde vondskap og styggedom med fela, og at han måtte slutte med det han elska mest fyr den vonde tok honom. Dette prega Møllarguten og dei skremmande orda hang over honom som ei mare heile livet ut.

Han såg det sjølv òg etter som åra gjekk at det følgde mykje vondt med musikken. Den hadde så taket på honom at han rett og slett ikkje kunne slutte. Han levde mest som ein slave for fela. Og alt han i grunn dugde til var å traktere denne.

Sjølv om han stod på dei store scenene og opplevde at folk kringom seg nærmast forguda honom for det han stod for, kjende han langt inni sjela at det reiv og sleit i honom det som følgde med.

For der han drog opp der blei det stemning. Med det følgde drikk og dans i døger etter døger – og spelemannen laut alltid ha dram.

Mang ein morgon vakna han med angst i hugen etter at det hadde spelast i timevis og alkoholen framleis herja i sinnet.

”Au jei! Gje den vonde tok meg,” sa han ein gong han blei vekt opp i ei slik beite og festlyden ville ha honom til å spela enda meir.

Men han heldt ut og som han sa sjølv: *”Eg e’ liksom dessin gamle eikæn – eg e’ seig te helde ut.”*

Eit slikt liv må slite på kven det måtte vera og utmatta av fyll og bondeanger var det nok lett for at Møllarguten tok til tenkje på Gud og kva dei gamle pietistane hadde ropa etter honom som smågut. Særleg når alt la seg og han sat einsam og forlaten att – da var det ikkje lenger nokon som brydde seg.

”De vyrd ikkje om eg stuppa dau!” sa han ein gong; *”Om eg spelar te eg stuppar har de det bare te gris o’ lått. O’ så bli’ det vel te det at eg spelar etter eg e’ dau au. Nei, felemusikken – det e’ ingenting det. Det drep folk! Nei, da e’ krigsmusikken ana slag,”* skjelte han.

Da Møllarguten blei eldre spela han mindre. Han var veldig oppteken av Bibelen og det som stod i den. Han byrja å mimre over det han hadde vore med på og blei kanskje overbevist om at ein skulle leva etter boka. Kanskje søkte han trøyst også i det som stod her – slik at han fekk tilgjeving for det som heile livet hans hadde blive kalla synd. Han las alltid bibelord på sundagar - sat og mumla og prata medan han las; *”Akkurat så sku’ me vera. Akkurat så sku’ me leva.”*

Men han greidde aldri å slutte heilt å spela. Han måtte i alle fall prøve ein sjeldan gong, sjølv etter fingrane ikkje følgde honom lenger.

”Det e’ nå reint rart au - at spel kan omskapa folk. At det kan ha slik ei makt,” sa han i ei ettertenksam stund; *”Eg trur ikkje det følgjer noko godt med spel.”*

Om religiøsiteten var ei sterk kraft i honom var nok musikaliteten heile tida den sterkaste, og han blei truleg også fortruleg med dette etterkvart. Slik verkar det i alle høve som i det han svara ein Torgeir Midbø, da han kom til Møllaren i dei siste leveåra og ville høyre spel;

”Du trur vel det, eg tenkjer ’kje på ana hell spel, men det e’ kje så. Eg har mang ein gong ønskja at eg eller i mitt liv ha’ tatt i fela, og når eg e’ heime tek eg ’kje mi hand i fela – bare når det kjem reisans, å man’ tryglar meg te. Eg veit nok det at musikk e’ kje sønd. Tonane e’

gjort a' Gud, og mitt anlegg har eg fått a' Gud. Men feilen va' den at eg drakk og spela i slett selskap, og i styggehús tomle eg om nesten heile mitt liv. Det tregar eg på nå. Eg les Håffakers huspåstill og den boka har gjort meg godt; thi den har lært meg å kjenne meg sjøl."
Da gret Møllaren.

Ein av dei siste dagane Møllarguten levde fekk han besøk av ein av dei beste læregutane hans – Olav Flatland frå Bø. Olav spurde etter ein slått han hadde lura litt på, men Møllaren svara at han ikkje spela lenger nå. Han var for gamal. Møllaren var sengeliggjande da. Nokre av sønene hans spela også fele, og Møllaren oppfordra sonen Sigurd til å spela slåtten i staden. Men Møllaren var aldri særleg nøgd med spelet til sønene hans. Ein gong sa han om spelet til Sigurd at: *"Det e' som ei lus krek på ei tjyruspek."*

Heller ikkje denne gongen var den døyande spelemannen nøgd med det han høyrde av sonen. Han stoppa honom og sa at han ikkje spela rett. Så greip han fela sjølv og spela slåtten igjennom. Og Olav Flatland fekk det som han ville.

Etter dette tok ikkje Møllarguten i fela og berre fire dagar etterpå sovna han inn. Slik blei denne ettertenksame gangaren Møllargutens siste slått.

Anbefala innspeling:

Knut Buen: "Myllargutens draum" (BKCD27. Buen Kulturverkstad 2001)

Kjelder:

- *Rikard Berge: Myllarguten* (2. opplag, Noregs boklag 1972)
- *Knut Buen*